



Uskedelingar på museumsbesøk i Bergen (Foto: Åse Neset)

**I dag har 5. og 6.klasse med 16 og 12 elevar hatt ein minnerik dag i Bergen. Dei fekk plass på eit pedagogisk teikneseminar under den årlege Raptusfestivalen og dette var første gong elevar frå Uskedalen var deltakarar. Forventningane var store og ingen vart skuffa. Kontaktlærarane Åse Neset og Kari G. Svinth er på si side imponert over elevane som var interesserte og engasjerte og fekk med seg mykje kunnskap.**

Det var stil over uskedelingane då dei kom til byen og marsjerte over Torgalmenningen med flagget til topps. Seminaret sto først på programmet og gjekk føre seg i Akademisk Kvarter.

Festival-leiaren orienterte i ein time om teikneseriar for 120 born. I den andre økta imponerte ein teiknar som var importert frå Moskva stort, ikkje minst ved å teikne vikingar og eit monster. Vidare på programmet sto museumsbesøk men det var først og fremst opphaldet i Vil Vite-senteret som gjorde susen,

Ein uskedeling som no er vikar ved skulen, Øyvind Naterstad, er styremedlem i Norsk Tegneserieforum og hadde ein sentral rolle i festivalarrangementet. Ved skulen er bibliotekprosjekt og lesing viktige satsingsområder og Bergen-turen var difor svært viktig både for elevar og lærarar.

Tekst: Ola Matti Mathisen



Vil Vite imponerte elevane